



Notat

Dato: 02.11.2015
Arkivsak: 2014/10030-53
Saksbehandlar: anifjel

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Anita Fjellheim

Prinsipp og føremål for rullering av skulebruksplanen

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 29. oktober 2015 er det under PS 267/15 Open time teke inn følgjande:

«**Pål Kårbø** sette på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ber om at fylkesutvalet vert førelagt sak om "prinsipp og føremål for rullering av Skulebruksplanen (SBT)".

Ei slik sak er allereie handsama i opplærings – og helseutvalet sitt møte 29/9.

Kårbø sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.»